

Siri Rukaren

På Hørte, i grensetraktene mellom Bø og Sauherad, renn det ei elv som heiter Hørteåo. I denne elva finn ein Rukarfossen, og like ved ligg ein liten plass som heiter Rukaren. Rukarfossen har ein vesentleg plass i historia når det gjeld den store verksdrifta på Hørte. I denne tida var det eit veldig folkeliv og dermed også rikt musikkliv her.

Siri Rukaren budde på Rukaren kring storflaumen i 1808. Ein veit ikkje sikkert kven ho var, men det heitest at ho skulle vera gift med ein spelemann frå Holla. Kring 1808 hørde Rukaren truleg til Sølverud på Hørte, og i Soga om Hørteverket finn me ei Siri under denne garden; *"Siri Gunnarsdotter Solverud, døpt 10.11.1748. Gift 1771 med Sivert Larsson av Holden. Vidare lagnad er ukjend."*

Det er ikkje usannsynleg at dette kan vera den segnomsuste Siri Rukaren, da opplysningane kring henne stemmer godt med kva ein trur ein veit om henne.

Siri Rukaren opplevde og såg mykje rart. Det er difor ein framleis kjenner namnet hennar. Ein sein haustkveld ville ho til Verket ein tur. Ho gjekk over Geiteryggen og plutselig fekk ho høyre ein fæl dur som kom i mot henne sørfrå. Ho skjerp alle sansar og gådde at det var Åsgardsreia – ei stor ferd, med svarte, glinsande hestar – som kom. Med stor letting kunne ho sjå at Åsgardsreia skrådde over mot Spellebergja og blei borte.

Åsgardsreia hadde for vane å ferdast til Klevar i Sauherad for å sela av og kvile. Hadde reia kome mot henne hadde ho nok måtta blive med vidare på ferda.

Åsgardsreia var ei stor ferd med kvinner og menn på uvanleg store og stolte hestar, som i følge M. B. Landstad hadde *"skramlende bisler og svære rustninger"*.

Dei var ute om kvelden og natta, og aller helst i jola Ein kunne høyre ramlinga av dei lenge før ein såg dei. Ein kunne sjå dei ri både på land og i vatn og til og med i lufta. Såg ein framsida på dei var det staselege menneske, men når ein såg dei bakfrå var dei hule som trau. Guro Åsgård var ei ferm kvinne som leia reia, og var nokon uheldig å koma inn i denne flokken blei ein teken med vidare på ferda.

Realistiske folk har forklara dette med at det er eit vind- eller vêrfenomen, men Siri Rukaren skulle oppleve meir, som korkje kan forklarast med vêr eller vind:

Mannen til Siri Rukaren var ein habil spelemann, som ofte blei tinga til å spela i lag og lyd. Han hadde ein kveld reist opp til Askildt. Siri sat åleine i stugo på Rukaren og syntest det drygde lenge fyri mannen kom heim. Når det lei på seine kvelden blei ho nervøs for at mannen skulle ha drukke seg full, og at han på vegen heim skulle ha ramla ned dei stygge kleivane ned til fossen. Fossen gjekk full i desse dagar og ho gjekk ut til brua for å sjå etter mannen sin.

Der fekk ho høyre så rar og fin ein felemusikk. Ho såg ein skapnad, liknande eit menneskje, som sat på ein stein i andre enden av brua og spela. Ho tenkte dette var mannen hennar, men slåtten hadde ho aldri høyrte før. Det stussa ho ikkje vidare på for mannen hadde rett som det var med seg ein ny slått heim når han hadde vore ute på speling.

Ho blei ståande og lytte eit bel – det var som det sa: *"Gå tebars, du Siri Rukaren. Siri, Siri, Siri Rukaren gå tebars!"*

Siri tenkte med ein gong at det var mannen som heldt spetakkel med henne, og svara: *"Å, eg kjenner deg nok. Du tar ikkje tru at du skræmer meg."*

I god tru om at mannen snart var trygt heime, snudde ho og ville gå heim. Men etter ho hadde teke eit par steg kom skapnaden etter henne og hoppa opp på akslane hennar. Der sat han, med fela i den eine handa og bogen i den andre, og han sette i å spela den same slåtten på ny. Denne gongen syntest Siri det song: *"Siri Rukaren, Siri Rukaren, hør på meg du. Du skal få"*

danse metta di, du.”

Dette vesenet var så tungt at Siri trudde at ho skulle sige saman, men i redsle sprang ho det ho kunne over brua, med skapnaden på ryggen. Da ho kom til enden av brua, forsvann skapnaden, og var som anten føre til himmels eller sokke i jorda.

Siri blei heilt forstøkt og hasta heim for å setje seg for å kvile på Rukaren.

Etterkvart kom mannen hennar heim og Siri kunne da fortelje honom om det grufulle ho hadde opplevd. *”Hugsar du slåtten, da?”* spurde mannen. Det gjorde Siri, og ho tulla slåtten for honom.

Slik lærde spelemannen seg slåtten, og slik lever han også vidare.

Men den tunge byrda Siri måtte bera over brua ved Rukarfossen leita for mykje på Siri. Ho blei knekt av dette, og gjekk dobbelt og krokrygga all sin dag etterpå.

Gangaren ”Siri Rukaren” på nedstemt bas, som Siri hørde av dette vesenet, overlevde blant dei mange spelemennene på og ikring Hørte etterpå. Slik kom han Olav Evju (1898-1989) i hende, og han kunne overbringe slåtten og saga vidare til dagens spelemenn. Olav var kanskje den einaste spelemannen som kunne slåtten i seinare tid, og det er han som har gjeve oss moglegheita i dag til å få oppleve den dunkle og skumle stemninga i ”Siri Rukaren”.

Anbefala innspeling:

Knut Buen: ”Huldrejenta” (BKCD17, Buen Kulturverkstad)

Kjelder:

Jon Hvitsand: Soga om Hørteverket

Jon Hvitsand og Olav Nordbø: Soga om Møllarguten

M. B. Landstad: Mytiske sagn

Torstein Askildt